



BACHELOROPPGÅVE

Barns medverknad i det kommunale barnevernet

Korleis kan barnevernsarbeidarar bidra til å fremje barn sin rett til å bli høyrt i det kommunale barnevernet?

av

Karina Flåten

Kandidatnummer: 59

Children's involvement in the municipal child welfare

Barnevern

BSV5-300

Mai, 2015



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva «Barns medverknad i det kommunale barnevernet» i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Namn: Karina Flåten

Kandidatnummer: 59

JA X NEI

Innhold

1.0 Innleiing	4
1.1 Grunngjeving for val av tema og førforståing	4
1.2 Tema og problemstilling.....	4
1.3 Disposisjon og oppbygging av oppgåva.....	5
2.0 Metode og framgangsmåte.....	5
2.1 Litteratur og søkeprosess	6
2.2 Val av litteratur.....	6
3.0 Barns rettar til deltaking i barnevernet.....	7
3.1 FN's Barnekonvensjon	7
3.1.1 Barnekonvensjonen artikkel 3: Barnets beste.....	7
3.1.2 Barnekonvensjonen artikkel 12: Å bli høyrt	7
3.2 Lov om barnevernstenester	8
4.0 Korleis forstå medverknad?	8
4.1 Kva veit vi om grunnlaget for at barns deltaking må betrast?	10
4.1.1 Kva seier barnevernet?.....	10
4.1.2 Kva seier barna?	11
5.0 I kva grad bør barn bli involvert i eigen barnevernssak?	12
5.1 Eit tradisjonelt utviklingspsykologisk syn på barna	12
5.2 Eit kulturpsykologisk syn på barna	14
5.2.1 Meiningsarbeid.....	15
6.0 Kva er viktig i samtale for å styrke barnets medverknad?	16
6.1 Partnarskap som føresetnad for medverknad, kommunikasjon og relasjonsskaping.....	16
6.1.1 Empati, Verdighet og Anerkjennelse.....	18
6.2 Kva er viktig og kva kjenneteiknar ulike type samtalar?	20
6.2.1 Støttande samtale	20
6.2.2 Informerande samtale.....	21
6.2.3 Undersøkande/ avdekkande samtale.....	22
6.3 Korleis ta vare på barnets meningar etter samtalens?	22
7.0 Oppsummering og avslutting	23
8.0 Kjeldeoversikt	25

1.0 Innleiing

I ein barnevernssak har barn rett til å sei si meining, bli høyrt og bli informert om saker som gjeld dei dersom barnet ønskjer dette, jf. Barnevernslova (1992) og barnekonvensjonen (1989). Likevel kjem det fram under forsking at svært mange i barnevernstenesta unnlet å snakke med barna på tross av barnas rettigheter (Aas,2013). Eg er derfor interessert i å finne kva som gjer dette, og korleis barnevernsarbeidarane kan fremje barna sin rett til medverknad i det kommunale barnevernet.

1.1 Grunngjeving for val av tema og førforståing

Eg hadde praksis i kommunal barnevernsteneste. I praksisen reagerte eg på kvifor det var eit så stort fokus på å snakke med foreldra og instansar som barnehage, Skule og BUP, men det var lite fokus på å snakke med barnet, sjølv om det er barnet saken handlar om. Ofte var det kun var ein kort samtale før ein bestemte hjelpetiltak, og ofte vart det ikkje snakka med barnet i heiletatt. Eg synst eg det er vanskelig å forstå korleis ein kan tenke på «barnets beste» når ein eigentleg ikkje veit kva barnet ønskjer og tenker. Samtalane var ofte korte, og ofte verka det som barna ville seie noko, men at dei ikkje våga. Det verka som tida ikkje strakk til og at prioriteringane velta på andre instansar. Dialogen mellom barnevernspedagog og barnet var etter mi oppfatning ikkje tilstrekkeleg. Denne oppfatninga viser seg å stemme overeins med funna som vart gjort i helsetilsynet (2011).

Denne erfaringa frå praksis er hovudårsaken til at eg valte dette temaet. Gjennom studie har eg lært om mangelen på barns medverknad og viktigheten i å samtale med barn på riktig måte. Eg er derfor interessert i å finne ut kva faktorar som spelar inn for at barnet skal få optimal medverknad.

1.2 Tema og problemstilling

Temaet eg har valt å legge vekt på i denne oppgåva er barns medverknad i det kommunale barnevernet, då barna er i ein svært sårbar situasjon i livet sitt. Problemstillinga eg har valt er:

«Korleis kan barnevernsarbeidarar bidra til å fremje barn sin rett til å bli høyrt i det kommunale barnevernet?».

I høve til problemstillinga vil samtalar med barn bli relevant, og vil bli vektlagt i oppgåva. Gjennom oppgåva vil ikkje temaet kun rette seg mot barns rettigheter, men i større grad korleis saksbehandlaren påverkar graden av barnas brukarmedverknad. Eg har derfor valt å dele diskusjonsdelen min i to delar, med kvar sine underspørsmål:

1. «*I kva grad bør barn involverast i eigen barnevernssak?*» og 2. «*Kva er viktig i samtale for å styrke barns medverknad?*»

1.3 Disposisjon og oppbygging av oppgåva

Eg vil no starte med å presentere framgangsmåten min i val av metode. Vidare vil eg presentere juridiske rammer og deretter forklare kva som ligg i omgrepene «medverknad». Eg vil presentere kva vi veit frå før om barnets medverknad i barnevernet, og sjå dette ut i frå barnevernet og barna si side. Eg vil så starte diskusjonen om korleis barnevernet kan fremje barns medverknad. I del ein vil eg diskutere korleis ein kan forstå barn som aktørar ut i frå eit tradisjonelt utviklingspsykologisk syn, og eit kulturpsykologisk syn. Gjennom diskusjonsdelen vil fokuset rette seg mot korleis saksbehandlar kan involvere barna, og i kva grad ein bør involvere dei. I del to vil eg ta for meg viktige prinsipp for å skape ein god dialog med barnet. Vidare vil eg ta for meg ulike måtar å samtale med barn på, og korleis ein kan bruke samtale til å fremje barnets medverknad. Eg vil så diskutere korleis ein skal dokumentere samtalen. Til slutt vil eg avslutte oppgåva med ei oppsummering av viktige poeng som har kome fram under diskusjonen. Eg vel å ikkje ta for med ei spesiell aldersgruppe i oppgåva, då temaet mitt er på eit ganske generelt aldersnivå og gjeld dei fleste barna i barnevernet. Likevell er det ein føresetnad for mine underproblemstillingar at barnet har utvikla eit verbalt språk.

2.0 Metode og framgangsmåte

For å utdjupe mi oppgåve, har eg valt å bruke litteraturstudie. Dette vil seie at eg skriv oppgåva mi ut i frå forsking som allereie har blitt gjennomført av andre, om barns medverknad, og samtale med barn (Støren, 2010). Grunnlaget for dette valet av metode er at det finnест mykje ny forsking om mitt tema, då dette er eit tema som er mykje omtalt for tida. I tillegg ville det blitt vanskeleg for meg å gjere ein empirisk undersøking etisk forsvarleg på så kort tid, då målgruppa mi ville vert barn som er, eller har vert under barnevernet (Backe-Hansen & Vestby, 1995).

Når ein skal gjennomføre ei litteraturstudie er det viktig å være kritisk til litteraturen, og tenke over tekstens pålitelegheit. Om forskinga er gammal, kan denne til dømes være annleis i dag, og det er derfor viktig at ein tek dette med i betrakting når ein drøftar (Stordalen & Støren, 2010). Det same gjeld om ein brukar primærkjelder eller sekundærkjelder. Primærkjelder vil seie at det er forskaren sjølv som presenterer litteraturen, medan ei sekundærkjelde er ei forsking som blir presentert av ein annan forfattar. Det beste her vil være å bruke primærkjelde, då sekunderkjelder kan verte påverka av forfattarens oppfatning og kultur. Å være kritisk til slike forskjellar, og vite noko om korleis dette kan påverke teksten kallast for kjeldekritikk (Dalland, 2012).

2.1 Litteratur og søkeprosess

Forskinga mi har eg funne gjennom å søke på artiklar, bøker, tidsskrifter, rapportar og meir. Databasar eg har brukt for å finne fram til forskinga er for det meste «Oria» og «Norart», då desse lenkar vidare til andre databasar, og dermed gir meg fleire søkeresultat. Dette er databasar eg vart anbefalt gjennom høgskulen. Søkeord eg har funne som nyttige er blant anna «barnevern», «medvirking», «barn and medvirking», «barn and rettigheter» «child involvement» «samtales barn». Det meste av litteraturen eg har brukt, har eg funne gjennom bøker og artiklar som har lenka vidare til relevant litteratur i høve til mi problemstilling.

2.2 Val av litteratur

Min litteratur innehold alt frå samtaleteknikkar til forsking om barns medverknad i barnevernet. Litteratur eg har funnet som nyttig er både primærlitteratur og sekundærlitteratur. Eksempel på primærkjelder eg har brukt i oppgåva mi er boka «Kjønn i sosialt arbeid med ungdommer og foreldre» av Sagatun (2008), «Vil eg bestemme» av Thrana (2008) og «barns rett til deltagelse i barnevernet: samspill og meningsarbeid» av Gulbrandsen, Seim & Ulvik (2012). Dette er bøker og artiklar der forfattaren sjølv presenterer sin eigen forsking til leseren. Dette er også forsking som blir brukt mykje gjennom heile oppgåva. Når eg har funne litteratur har eg vert oppmerksam på å finne artiklar og bøker som er nyast mogleg, og har luka ut litteratur eg såg på som for «gamal».

Eg har også vert bevist på å finne litteratur der forskarane står fram som «truverdige» og «pålitelege». Dette kan ein til dømes sjå gjennom forskarens utdanning og erfaring (Dysthe, Hertzberg & Hoel, 2010). For å nemne eit eksempel jobbar Hilde Marie Thrana som forskar og har mastergrad i sosialt arbeid. Ho har også mange års erfaring innan barnevern og sosialt arbeid med barn og ungdom. Gjennom litteraturvalet har eg bevist valt ut forskjellige

forfattarar som seier noko om det same, slik at eg kan trekke inn fleire synsvinklar om same temaet. Dette tenker eg kan gi ein betre heilhet i poenga eg vil få fram.

I oppgåva har eg bevisst valt å ikkje ta med internasjonal litteratur då oppgåva omhandlar «barnevernet i Noreg». I tillegg finnest det allereie mykje norsk forsking på dette området, som eg derfor valte å ta i bruk.

Eg vil no starte med presentere lovverket som ligg til grunn i høve til barns medverknad.

3.0 Barns rettar til deltaking i barnevernet

Barn har med tida fått fleire rettighetar, spesielt i høve til medverknad. Det har med tida blitt meir fokus på å sjå på barn som sjølvstendige aktørar, i motsetting til før da barn blei sett på meir som «familiens eigedom» (Ulvik, 2009). Dette kan vi sjå igjen i barnas rettigheter, då det også her har blitt et større fokus på at barna skal ha noko å seie, og medverke spesielt til eigen sak. Desse rettighetane viser seg til dømes i barnekonvensjonen (1989) og i lov om barnevernstenester (1992). Eg vil derfor no gå inn på FNs barnekonvensjon og vidare sjå på lovverket som ligg til grunn for barnas medverknad.

3.1 FNs Barnekonvensjon

I 1989 forplikta Noreg seg til barnekonvensjonen, som er ein konvensjon på internasjonalt plan. Ein konvensjon er lovfesta, og barnekonvensjonen (1989) gjeld alle barn under 18 år. Konvensjonen presenterer barnas rettigheter. Alt som inngår i FNs barnekonvensjon står sterke, og går framfor andre lovgivingar (menneskerettighetslova, 1999). Barns rettighetar som står i barnekonvensjonen vil derfor gå framfor barnevernlova (1992). Eg vil no gå inn på to artiklar i barnekonvensjonen som er spesielt relevante i høve til barns deltaking.

3.1.1 Barnekonvensjonen artikkel 3: Barnets beste

I artikkel 3 kjem det fram at barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn uansett kva part eller organ som har med barnet å gjere, og gjeld alt som angår barnet. Dette vil seie at partane skal beskytte barnet, og gi barnet den omsorga barnet treng (Barnekonvensjonen, 1989). Eg forstår det slik at dette vil gjelde det kommunale barnevernet på lik linje med andre instansar.

3.1.2 Barnekonvensjonen artikkel 12: Å bli høyrt

Artikkel 12 seier noko om at partane har plikt til å la barnet bli høyrt og la barn som er i stand til å danne eigne synspunkt om saker som angår barnet, retten til å få utrykket dette. Vidare står det at barnet særleg skal gis anledning til å bli høyrt i saker som gjeld eller angår barnet.

Barnets alder og modenhet skal ha betyding i forhold til kor vidt deira synspunkt skal vektast i saken.

3.2 Lov om barnevernstenester

Den kommunale barnevernstenesta er regulert av barnevernlova (1992). Det er barnevernet sitt mandat å gi barn i skadelige omsorg situasjonar som kan være til fare for helse og utvikling, den hjelpa og omsorga barnet treng til rett tid. Oppgåva til barnevernet vil derfor bli å gi barn trygge oppvekstvilkår jf. § 1-1.

Barnevernlova § 6-3 seier noko om rettighetane barna har under saksbehandlinga. Her blir det slått fast at «Et barn som er fylt 7 år, og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, skal informeres og gis anledning til å uttale seg før det tas avgjørsle i sak som berører ham eller henne» (Barnevernlova, 1992). Her skal meiningsa til barnet vektas ut i frå barnets alder og modenhet. Når barnet er fylt femten år, blir barnet regna som part i saken, og vil ha meir å seie i høve til eigen sak jf. § 6-3, 2. ledd (Barnevernlova, 1992).

I § 4-1 blir også barnets medverknad synleggjort. Her blir barnets beste vektlagt, og spesielt barnets beste i høve til tiltak. I Januar, 2014 blei det gjort ei endring i denne paragrafen, da barns medverknad blei enda meir synleggjort: «Barnet skal gis mulighet til medvirkning og det skal tilrettelegges for samtaler med barnet» jf. § 4-1 (Barnevernlova, 1992).

Eg har no gjort greie for dei rettighetane barnet har som blir mest relevante i høve til mi problemstilling. Vidare vil eg gjere greie for kva som ligg i omgrepene «medverknad», og seie noko om dei forskjellige måtane ein kan oppfatte begeret på.


4.0 Korleis forstå medverknad?

Medverknad har blitt eit sentralt omgrep innan helse og sosial tenester, og blir mest omtalt på eit generelt nivå (Hanssen, 2010). Dette vil seie at det finnест lite definisjonar på medverknad som rettar seg spesielt mot barn i barnevernet. Det har vist seg at kvaliteten i arbeidet mellom saksbehandlar og brukar har økt etter ein inkluderte brukaren meir i arbeidet (Jensen & Ulleberg, 2011).

Brukarmedverknad er eit vidt omgrep, og det finnест fleire måtar å forstå brukarmedverknad på. Ein definisjon på generelt nivå er: «ein aktiv involvering av mottakaren av tenesteyting frå og med planlegging til og med evaluering av tiltaket» (Kvello, 2010, s. 22). På ei anna side kan medverknad bety at brukaren ikkje berre skal involverast i saken, men også ha innflytelse på korleis saken formar seg (Haugland, 2007). Seim og Slettebø (2007) beskriver

brukarmedverknad som ein relasjon mellom brukar og tenesteytar, og legg vekt på at brukaren skal involverast aktivt og ha innflytelse i eigen sak. Graden av brukarmedverknad vil variere mykje, og her vil tenesteytaren stå sentralt i høve til kvaliteten på medverknaden. Eriksen (2007) beskriv at det vil være naturleg at medverknaden blir forskjellig i ulike saker, då det også er forskjellig kor mykje folk ønskjer å medverke i eigen sak (Hansen, 2010). Optimal medverknad vil derfor være når brukaren sjølv er fornøgd i høve til forventningar.

For å få ein betre forståing av kor forskjellig medverknad kan være vil eg no vise til ein modell som tek føre seg ulike grader av medverknad.



Modellen er henta frå Christoffersen (1992) og viser til ulike nivå av brukarmedverknad (Thrana, 2008). Som vist i modellen vil «Informasjon» bli det nivået der brukaren får medverke minst. Her gir tenesteytaren informasjon til brukaren om rettigheter brukaren har, og om kva som blir vegen vidare. I nivået «råd» blir brukaren til ein viss grad med å bestemme ved at brukaren får seie si mening, og tenesteytaren høyrer brukaren. Når vi kjem til «partnarskap» blir brukaren og tenesteytaren meir likestilt. Her får brukaren i stor grad være med å delta i korleis saken skal utforme seg. I Nivået «delegasjon» vil brukaren ha siste ordet i avgjersla, men det vil fortsatt være ein relasjon mellom brukaren og tenesteytaren i form av kommunikasjon. I nivået «kontroll» er det brukaren som fullstendig har kontroll over avgjersla (Thrana, 2008).

Modellen viser oss kva brukarmedverknad vi seie på eit generelt nivå. medverknad skal halde seg innafor desse rammene. Vist ein skal sjå modellen ut i frå barnevernets rammer vil det seie at i dei tilfella der barn ikkje blir informert om deira rettighetar, kan vi ikkje kalle det medverknad, og barnevernet har dermed gjort eit lovbro (Thrana, 2008). For å klare å

involvere barnet i saken må ein informere, og snakke med barnet. I lovverket blir det ikkje presisert i kva grad barnet skal medverke utover at ein skal ta omsyn til barns alder og modenhet. Dette vil altså bli ein skjønnsmessig vurdering, og fører til at barnevernet i stor grad har ein makt over barnet i den enkelte saken. Saksbehandlaren vil derfor kunne påverke graden av barnets medverknad (Haugland, 2007).

4.1 Kva veit vi om grunnlaget for at barns deltaking må betrast?

I 2010 og 2011 vart det gjennomført tilsyn i heile Noreg retta mot barnevernet. Fokuset var å sikre at barnevernet handla i tråd med krava i lovverket, deriblant barnevernlova (1992). I rapporten kom det fram at det på langt nær blir snakka med alle barn i barnevernstenesta, og i heile 40 av 44 kommunar vart det funne lovbroter, eller betringsområder. Barnevernet informerer barn om deira anledning til å uttale seg i for liten grad. Dei fleste mangla gode rutinar i høve til samtale med barn, og det var ikkje i alle kommunar det vart snakka med barn i det heile. I nokre kommunar blei det snakka med barn, men det vart ikkje dokumentert. Det kjem også fram at barnevernet har for lite kunnskap om lovverket, og kva som er betydinga av «medverknad» (Helsetilsynet, 2011).

Barnevernet har i for liten grad har ivaretatt barnas rett til medverknad, men i større grad forhøyrt seg med foreldra i barnevernssaker. Dette har ført til at vurderingane som ligg til grunn i høve til undersøkinga og tiltak vil bli basert på foreldra sine behov, og ikkje barnets behov (Ulvik, 2009). Dette betyr i praksis at «barnets beste» ikkje har blitt prioritert, og ein følgje er at barnevernet har gjort eit lovbro (jf. Bvl. § 4-1).

Både rapporten frå helsetilsynet og anna forsking gjer at det er blitt gjort ny forsking når det gjeld barns medverknad i barnevernet. Forskinga viser at barns medverknad blir opprettheldt i for liten grad (Seim & Slettebø, 2007). Eg vil no presentere forsking som seier noko om barnet, og barnevernet sitt syn på korleis barns medverknad i barnevernet har fungert i praksis til no.

4.1.1 Kva seier barnevernet?

Gulbrandsen, Seim & Ulvik (2012) gjorde ei undersøking i samband med forskingsprosjektet «Snakk med meg» som hadde som mål at barn skulle bli meir involverte og deltagande i saker i barnevernet. Det blei derfor gjort fleire intervju av saksbehandlarar, og tatt opp samtalar saksbehandlarar hadde med barn i barnevernet. I undersøkinga kom det fram at saksbehandlarane hadde eit ønske om å snakke med barn, men at kvardagane i barnevernet var travel, så samtalane med barna blei nedprioritert. Barnevernet meinte dei ikkje fekk den

nytten av samtalen med barna som dei hadde håpt. I undersøkinga kom det også fram at barnevernet ikkje alltid våga å snakke med barna, og at dei helst ville snakke med foreldra, då dei meinte dette var enklare. Barnevernet fortalte at dei unngikk å snakke med barna for verne dei frå opplysningar som kunne være belastande. I tillegg var det ofte foreldra som ikkje ønska at barnevernet skulle snakke med barna, då dei var redde for kva reaksjonar barna kunne få i etterkant (Gulbrandsen, Seim & Ulvik 2012).

Holtan, Thomas & Vis (2012) hadde eit forskingsprosjekt der dei intervjua 53 saksbehandlarar frå barnevernet og 33 studentar i relevant utdanning. I undersøkinga var dei interessert i å finne ut deira syn på korleis barns medverknad fungerte i praksis. I hovudsak kom det fram tre faktorar som sto sterkare enn andre i saksbehandlarane grunngjeving på kvifor barna ikkje blei involvert. 1) Saksbehandlarane synst at var vanskelig å kommunisere med barna, 2) dei ikkje såg nytten i at barna skulle delta, 3) Dei ville verne barna i liket med funna som kom fram i Gulbrandsen et al (2012) sin undersøking. Svara som vart angitt i undersøkinga var veldig forskjellige mellom saksehandlarane, og mykje kunne tyde på at kvaliteten på barnets medverking avhenger av kva saksbehandlar ein møter. Det kom også fram at saksbehandlarane sjølv føler at dei har for lite kunnskap og kompetanse om å samtale med barn i barnevernet (Holtan, Thomas & Vis, 2012).

Fleire forskingsprosjekt viser også at saksbehandlarar i barnevernet ynskjer seg meir kompetanse innan samtale med barn. Forsking viser også at kompetansen på samtale med barn er mangelfull på tross av at samtale og kommunikasjon med barn er blitt meir vektlagt i utdanningen (Aas, 2013). Det viser seg også at saksbehandlarane sin kunnskap om barns utvikling ikkje er tilstrekkeleg, og at denne mangelen på kunnskap påverkar kvaliteten i høve til å hjelpe barn å skape mening i situasjonen (Thrana, 2008). Det kjem også fram i undersøking at saksbehandlarar i barnevernet unnlet å spørje barn direkte om vanskelige spørsmål, då dei er redde for at barnet skal føle skam, og at denne følelsen blir forsterka (Leira, 2003)

4.1.2 Kva seier barna?

Når det gjeld barns opplevelingar, viser studiar at dei i for liten grad opplever å bli informert om saker, og får derfor ikkje moglegheita til å sei si mening (Gulbrandsen, 2014). Barn blir i alt for liten grad spurt om korleis dei opplever møtet med barnevernet og kva dei meinat om saken (Aas, 2013). Studiar viser også at nærmast halvparten av barn som er i kontakt med helse og sosial-tjenester ikkje kan svare på kvifor dei er i kontakt med dei. Desse studiane gjeld også barn i barnevernet (Sandbæk, 2004) I ein undersøking kom det også fram at 26 av

32 barn mellom 6 og 11 år, som hadde tiltak frå barnevernstenesta ikkje var klar over dette (Larsen, 2011).

Barn ønskjer å medverke i eigne saker, men opplever at dei ikkje blir inkludert. Mange barn opplever at barnevernet ikkje ser på dei som kompetente. Studiar har også vist at dei fleste barna ikkje er klar over deira eigne rettighetar i barnevernet, og få barn og ungdom veit kva betydinga av «brukarmedverknad» er (Seim, 2007). Barn og ungdom i barnevernet har i fleire undersøkingar fortalt at det viktigaste for dei er at dei føler seg sett og hørt av barnevernsarbeidaren. At barnevernet gir barna moglegheit til å få sei si meining viser seg å være viktigare for barna, en å få viljen sin (Aas, 2013) Det viser seg at kor mykje barnet får være med å bestemme ikkje er like viktig for dei som å bli sett og hørt.

Det kom også fram i intervju med ungdom med erfaring frå barnevernet at det betyr mykje å ha ein god relasjon til vertfall ein barnevernsarbeidar, og at dette har innvending på kva og kor mykje barnet vel å fortelje (Seim, 2007). Gjennom samtalar med barn, har dei samtidig gitt uttrykk for at dei ønskjer å vete sannheten framfor å bli skåna for informasjonen som kjem fram i barnevernet. Det viser også at det å skjerme informasjon frå barn i barnevernet kan få fleire negative følgjer en ved å la dei bli informert (Seim & Slettebø, 2007). Det viser seg også at det å gi barnet informasjon, og saman med barnet diskutere saken, tek vare på barnets interesser i større grad (Claussen og Tillers, 1997, referert i Aas, 2013).

5.0 I kva grad bør barn bli involvert i eigen barnevernssak?

Det finnест ulike måtar å forstå barn på. Som forskinga viser har det mykje å seie kven ein møter på i barnevernet, og kva relasjon barnet har til saksbehandlaren (Holtan, Thomas & Vis, 2012). Eg vil derfor no ta føre meg to ulike måtar å forstå barn på. Dette er 1) Eit tradisjonelt utviklingspsykologisk syn og 2) Eit kulturpsykologisk syn. Eg vil her diskutere kva følgjer barnevernsarbeidaren sitt syn og forståing av barn har å seie for kvaliteten på samarbeidet, og medverknaden for barnet. Dette tenker eg er viktig sidan saksbehandlaren sitt syn på barnet viser seg å ha betydning for korleis, og i kva grad barnet blir involvert (Gulbrandsen, Seim & Ulvik, 2012).

5.1 Eit tradisjonelt utviklingspsykologisk syn på barna

Eit tradisjonelt utviklingspsykologis syn på barn vil seie at ein ser på barn ut i frå deira funksjonelle nivå, spesielt i høve til alder. Dette vil seie at alle mennesker går igjennom trinn i oppveksten, som til slutt skal bli eit «fullvokst» menneske (Sagatun, 2008). Eit eksempel på ein slik teori er Piagets stadieteori. Denne teorien er delt i fire stadie, og tankegangen er at

barnet må ha fullført eit stadio før ein kan utvikle seg i neste. Stadiene er delt inn i aldersgrupper, og teorien baserer seg på at barna utviklar seg uavhengig av kultur og miljø (Bunkholdt, 2000).

Med dette synet tenker ein at barn er avhengige av opplæring, støtte og hjelp før dei er i stand til å ta vare på seg sjølv som ein «normal» vaksen person (Sagatun, 2008). Ein måte å forstå dette på kan være at ein ser på barn som «becoming» i motsetting til voksne som ofte blir sett på som «beeing» (Gulbrandsen et al., 2012). Barna blir derfor sett på som «uferdige», og med eit tradisjonelt utviklingspsykologisk syn vil ein behandle barna der etter. Dermed ser ein ikkje på barn som sjølvstendige aktørar, men som eit individ med behov for beskyttelse for å unngå å utvikle psykiske lidingar og utviklingsforstyrningar (Bunkholdt, 2000).

I ein barnevern fagleg samanheng kan ein til dømes sjå på barns språklege utvikling i forhold til kvar eit «normalt» barn litt i språkutvikling. Det same kan ein gjere med barnets kognitive og fysiske utvikling, og dermed forstå kvar det enkelte barnet ligg i høve til alder og utvikling (Bunkholdt, 2000). Ut i frå dette kan ein bedømme kor mykje barnet skal bli informert, og kor mykje barnet skal ha å seie i høve til eigen sak, Jf. § 6-3 (barnevernlova, 1992).

I barnevernet vil det i dei fleste sakar dreie seg om omsorgssvikt der barna ikkje alltid har fått optimale oppvekstvilkår (Gulbrandsen et al., 2012). Det viser seg at kva føresetnadbar barna har fått for deira oppvekst vil ha stor betydning for korleis barna utviklar seg psykologisk (Bunkholdt, 2000). Dette vil sei at mange barn som er under barnevernstestesta ligg etter i utviklinga. Korleis barn taklar stress som kan førekomm ved informasjon, og deltaking i barnevernet har også ofte samanheng med barnets oppvekstvilkår (Befring, Frønes & Sørli, 2010). Eg tenker derfor at det vil bli vanskelig å vurdere barnets rett til medverknad, då rettigheten er avhengig av at ein annan person skal vurdere om barnet er «moden nok». Vurderingane vil derfor bli skjønnsmessige, og dersom ein har eit tradisjonelt utviklingspsykologisk syn, vil ein bli oppatt av å beskytte barnet framfor å informere barnet (Ulvik, 2009)

Det kan tenkast at dette er tilfelle i fleire barnevernssaker der det viser seg at barnevernet vil verne barn frå negative reaksjonar som kan førekomm i etterkant av samtalane (Holtan, Thomas & Vis, 2012). Eit etisk spørsmål her kan være om barnevernet vel å verne barna framfor å gi dei deira rettighetar, og om dette faktisk er til det beste for barnet. Sidan forsking viser at barn sterkt ønskjer å delta i eigen sak (Seim, 2007), er barnevernet og saksbehandlarane sitt syn på barn motstridande i forhold til kva barna føler sjølve. I tillegg

kan ein saksbehandlar med eit utviklingspsykologisk syn på barna mykje viktig og avgjerande informasjon ved å ikkje la barnet informerast og delta.

5.2 Eit kulturpsykologisk syn på barna

I motsetting til det utviklingspsykologiske perspektivet handlar det kulturpsykologiske synet meir om å sjå barna som kompetente aktørar. Her blir barna sett på som sjølvstendige individ, og til ein viss grad uavhengige av andre (Ulvik, 2009). Med dette synet tenker ein at utviklinga skjer gjennom miljøet og gjennom kulturen som påverkar barnet frå barnet blir født. På same måte blir kulturen og samfunnet påverka av barnet (Sagatun, 2008). Forsking bekreftar at barn heilt i frå fødselen blir påverka av miljøet, og samspelar med omgivelsane (Jensen & Ulleberg, 2011)

Det at Piaget ikkje tok med kontekstuelle forhold som ein faktor for barns utvikling i sin utviklingsteori har han fått mykje kritikk for. Vygotsky har ein meir kontekstuell kulturpsykologisk teori på barns utvikling. Teorien hans byggjer på ei samling av alle forhold som spelar inn i barnets liv, som til dømes sosiale forhold og økonomi. Vygotsky såg derfor på andre forhold som viktige for å hjelpe barnet til å utvikle seg, men såg fortsatt på barn som sjølvstendige tankeskaparar på lik linje med vaksne (Bunkholdt, 2000)

Korleis saksbehandlar vel å bedømme barns utvikling heng sterkt i saman med korleis syn ein ser barnet ut i frå (Ruud, 2011). På grunnlag av at ein ser barna som sjølvstendige og kompetente, tenker eg saksbehandlar i større grad vil la barnet informerast og medverke med eit kulturpsykologisk syn. Eg har vist at det er barnevernet si oppgåve å følgje FNs barnekonvensjon (1989). Med eit kulturpsykologisk syn vil ein derfor i større grad oppretthalde barns rett til å bli høyrt. Likevel vil ein med eit kulturpsykisk syn sjå barn som «i utvikling» på lik linje med alle andre menneskjer (Ruud, 2011). Det er likevel viktig å hugse at barn fortsatt har behov for støtte og rettleiing av andre.

På grunnlag av forskinga som har vist at barn blir påverka av kultur og samfunn er det i dag eit kulturpsykologisk syn som er vanlegast å forstå barn ut frå. Dette vil også ha betydning for korleis saksbehandlar er i møte med barnet. Ved ein kulturpsykologisk forståing er det gjennom samhandling, og relasjon med andre at barn utviklar seg og forstår verden. Eg vil derfor no ta føre meg meiningsarbeid, der saksbehandlaren kan hjelpe barnet til å forstå situasjonen gjennom relasjonsskaping og deltaking (Aas, 2013).

5.2.1 Meiningsarbeid

Gulbrandsen et al. (2012) understreker viktigheten i å ta i bruk meiningsarbeid i møtet med barn og ungdom som er i kontakt med barnevernet. Dette var også eit av formåla ved å gjennomføre «Snakk med meg» som eg nemnte i kapittel 4.1.1. Barn i barnevernet treng spesielt hjelp til å forstå situasjonen dei er i, og til få kontroll over det dei opplever (Aas, 2013). Korleis barn skapar meinung i ei oppleveling har mykje å seie for korleis barnet forstår og oppfattar sin eigen situasjon (Ruud, 2011). Meiningsarbeid handlar nettopp å gi barnet hjelp til å forstå seg sjølv og situasjonen, før dei kan skape meinung om ein bestemt situasjon. Dette må barnet lære seg gjennom sosial deltaking, og det vil her bli barnevernet si oppgåve å hjelpe barnet med dette (Gulbrandsen et al., 2012).

Dersom ikkje barnet klarar å skape meinung i sin eigen situasjon, vil det bli vanskelig for barnet å medverke i barnevernet. Ved at saksbehandlar motiverer, og hjelper barnet å skape meinung, vil det førebygge barnas eventuelle negative reaksjonar i etterkant (Gulbrandsen, 2007). Meiningsskapning vil også auke sjansen for at barnet får ein betre oppleveling av møtet med barnevernet. I tillegg vil det hjelpe barnet å forstå heilheten i situasjonen, og sjansen vil dermed minske for at barnet føler seg skuldig, då det er vanleg at barn tek på seg «skuld» i møte med barnevernet (Aas, 2013)

Ved å ta i bruk meiningsarbeid vil det bli lettare for barnet å skjønne kva situasjonen dreier seg om, før barnet gir si meinung om saken (Gulbrandsen et al., 2012). Dette tenker eg kan bidra til at barnet i større grad kan bedømme kor mykje barnet vil medverke, og når barnet vel å medverke vil informasjonen bli meir truverdig. I møte mellom barn og saksbehandlar vil saksbehandlaren sin kultur og personligdom kunne påverke kva val og meininger saksbehandlaren gjer seg opp om barnet (Ulvik, 2009). Dersom ein tek i bruk meiningsskapning vil det minske sjansen for at dette førekjem, då fokuset blir meir på kva barnet fortel ut i frå si forståing, og mindre på kva saksbehandlar oppfattar (Gulbrandsen et al., 2012). Likevell vil kvaliteten på meiningsarbeidet bli påverka av saksbehandlars kunnskap om barn og utvikling, då dette er viktig kunnskap i høve til å sette seg inn i barnets situasjon (Ass, 2013).

Når eg vidare tek føre meg samtale med barn, vil eg fortsatt sjå barn ut frå kulturpsykologi. Eg tenker dette er meir rettferdig ovanfor barna, og gir barn valfriheten om å medverke i større grad. I tillegg blir informasjonen frå barnet meir korrekt (Gulbrandsen et al., 2012). Likevell vil eg nemne at det er viktig å være kritisk til kulturpsykologien. (Sagatun, 2008). Dersom ein trer feil i meiningsarbeid med barn eller ikkje forstår barnet riktig, kan dette gi

konsekvensar for barnet og for samarbeidet vidare (Gamst, 2013). Thrana, (2008) trekker derfor fram viktigheten i at saksbehandlar må kartlegge barnet, gjennom å sjå barnets styrke og svakhetar, og sette desse opp mot kvarandre før ein vel graden av barns deltaking. Kva holdningar saksbehandlar har, kva relasjon som dannast og kva faktorar som spelar inn for samtalen vil ha betyding for om barnet klarar å skape mening i saken, og vidare medverke (Haugland, 2007). Eg vil derfor no gå vidare til neste del av problemstillinga mi, og diskutere viktige faktorar i samtale i høve til relasjonsskaping og medverknad.

6.0 Kva er viktig i samtale for å styrke barnets medverknad?

I samtale er det mange faktorar som spelar inn for at kommunikasjonen skal fungere optimalt. Kva fysiske rammer som ligg til grunn kan til dømes vere avgjerande for om barnet føler seg komfortabel. Om saksbehandlar er trygg i høve til situasjonen, om barnet er forberedt til samtalen og mange andre faktorar er med på å forme samtalens utfall (Gamst, 2011). Dette vil være gjengåande og viktig, men fokuset mitt vil rette seg mot viktigheten av saksbehandlarenes holdning, og relasjonen som blir skapt gjennom samhandling, medverknad og meiningsskaping hos barnet. Uavhengig av kva syn ein vel å forstå barn ut i frå, vil framgangen i bruk av samtale ha mykje å seie for barnets medverknad. Likevell er det gjennom samtalen det kjem fram korleis forståing og oppfatning saksbehandlaren har av det enkelte barnet (Skau, 2013). Dette vil også barnet merke, og ut i frå det vil barnets tillit bli forma (Seim, 2007).

Når eg no tek føre meg samtale, vil eg forklare viktigheten i at samtalen mellom barn og saksbehandlar bygger på eit gjensidig forhold med respekt (Haugland, 2007). Dette ser eg som nødvendig for at barnet skal klare å skape mening i situasjonen, og vidare medverke. For å belyse denne viktigheten vil eg no ta føre meg «partnarskap» som føresetnad for god kommunikasjon, relasjonsskaping og barns deltaking. Etter dette vil eg nemne ulike samtalar, og diskutere korleis saksbehandlar bør gå fram for å styrke barnets medverknad. Meiningsarbeid vil gå igjen i denne delen av oppgåva. Til slutt vil eg ta føre meg viktigheten i å ta vare på barnets mening, gjennom dokumentasjon.

6.1 Partnarskap som føresetnad for medverknad, kommunikasjon og relasjonsskaping

I kapittel 4.0 om medverknad viste eg til ein modell som tok føre seg grader av medverknad. I midten av modellen står det «partnarskap» og det er denne graden eg vil ta utgangspunkt i no

(Thrana 2008). Partnarskap føreset at både barnet og saksbehandlaren er interessert i å samarbeide, og begge får stor innverknad på utfallet av saken. Sjølv om «partnarskap» inneberer at begge skal være like engasjerte, vil dette variere fra sak til sak. På grunnlag av situasjonen barnet er i, hevdar Haugland (2007) at blir saksbehandlar sitt ansvar å hjelpe barnet til å bli deltagande i situasjonen.

For å få til eit gjensidig samarbeid med barnet, tenker eg det er viktig at barnet føler seg likeverdig. Ved å ha eit partnarskap som utgangspunkt, vil dette kunne styrke relasjonen og barnets følelse av likeverd (Seim & Slettebø, 2007). Dette vil vidare skape trygghet hos barnet, noko som er grunnleggande for at saksbehandlar skal kunne hjelpe barnet i meiningsarbeidet (Ruud, 2011).

Ei utfordring ved å skape gjensidig tillit mellom saksbehandlar og barnet, er at barnevernet ofte blir sett på som «myndige» (Seim & Slettebø, 2007). For å gjere partnarskapet truverdig for barnet, er det viktig at saksbehandlar ikkje missbrukar makta. Ved å gjere barnet kjent med dei rettighetane barnet har, kan dette minske skeivheten i maktforholdet (Skau, 2013). Haugland (2007) trekker fram viktigheten i at barnevernet må være audmyke i møte med barnet. Eg tenker derfor at saksbehandlaren ikkje ta må avgjersler utan å samtale med barnet på førehand, då dette kan føre til at partnarskapet forsvinn.

Ei følgje av å oppleve omsorgssvikt, er at barnet kan få vanskar med å ta forsvarlege beslutningar på vegne av seg sjølve. (Kvello, 2010). Ei rekke forskrarar har trekt fram nettopp dette som ei negativ følgje med å ha eit partnarskap i barnevernet (Seim & Slettebø, 2007). Saksbehandlar vil få mindre makt i høve til vurderingar som skal takast, og det kan bli vanskelig å finne ein balanse som opprettheld artikkel 12. i barnekonvensjonen (1989) om barnet sin rett til medverknad, samtidig som ein handlar etter artikkel 3. om barnets beste og barnet sin rett til beskyttelse jf. §4-1 (barnevernlova, 1992).

Eg tenker likevell eit partnarskap vil være grunnleggande for gjensidig respekt og samarbeid. Dette vil på sikt kunne bidra til å styrke barnets medverknad (Seim & Slettebø, 2007). Det vil bli saksbehandlar sitt ansvar å unngå at partnarskapet ledar til beslutningar som kan svekke barnets beskyttelse (Haugland, 2007). Dette kan saksbehandlar gjere ved å ta i bruk meiningsarbeid. Dermed kan barnet og saksbehandlar saman ta avgjersler ut i frå barnets mening og ved hjelp av saksbehandlars vurderingar.

For at partnarskapet skal bli opprettheldt, og for at barnet skal klare å skape mening, krev dette at saksbehandlar klarar å sette seg inn i barnets situasjon, og at barnet har tillit til

saksbehandlar (Hansen, 2012). Eg vil derfor no gå vidare til empati, verdighet og anerkjennelse, som er viktige faktorar hos saksbehandlaren i møte med barnet (Ruud, 2011).

6.1.1 Empati, Verdighet og Anerkjennelse

For å kunne hjelpe barn i meiningsarbeid tenker eg det er viktig å vete noko om korleis det kan være for eit barn å ha kontakt med barnevernet. Barnet kan fort føle seg satt ufrivillig i ein «klientrolle» eller blir sett på som eit «barneversbarn». Det viser seg at barn også ofte føler seg «uvelkomne» ovanfor barnevernet, og som «annleis» ovanfor andre (Thrana, 2008). Barn i barnevernet har det ofte vanskelig i høve til eigen livssituasjon, og treng derfor trygge vaksne som gir barnet trygghet til å fortelje. Ruud (2011) har erfaring innan samtalar med barn. Ho presenterer verdighet og anerkjennelse som sentrale omgrep for å skape ein god relasjon til barnet gjennom samtale og meiningsarbeid. På grunnlag av at samtalen blir påverka av saksbehandlarens evne til å sette seg inn i barnets situasjon (Kinge, 2006) vil eg også ta føre meg empati.

Empati

Sjølv om barnet blir sett på som aktiv meiningskapar, er eit barn med eit kulturpsykologisk syn også avhengig av andre som hjelpt barnet til å forstå. I denne samanheng vil denne personen være saksbehandlar (Ulvik, 2007). Det har vist seg at kvaliteten på kommunikasjonen blir påverka av relasjonen som blir skapt mellom barnet og saksbehandlar (Ruud, 2011).

Kinge (2006) hevdar saksbehandlarens evne til empati er viktig for at barnet skal få ei betre forståing av sin eigen situasjon. Empati i denne samanheng vil sei at saksbehandlar klarer sette seg inn i barnets situasjon, og følelsen og opplevinga barnet får av situasjonen (Kinge, 2006). Proud & James (1990) er i liket med mange andre forskrarar opptatt av å sjå barndommen ut i frå sosiale forhold, og peikar på viktigheita i at ein må forstå barn ut i frå eit «barneperspektiv» (Vis, 2004). Å ha eit barneperspektiv vil seie at ein ser situasjonen ut i frå barnets «auger». For at saksbehandlaren skal klare å sette seg inn i eit barneperspektiv vil dette krevje empati og kunnskap om barns utvikling. Dersom ikkje saksbehandlar har desse føresetnadane, vil det også bli vanskelig for saksbehandlar å hjelpe barnet til å forstå seg sjølv (Kingle, 2006). Ei utfordring her vil være at saksbehandlar må klare å skilje mellom sin eigen barndom og barnets situasjon, då saksbehandlars forståing av barnet kan bli påverka av saksbehandlars barndom (Jensen & Ulleberg, 2011).

Verdighet

Med eit kulturpsykologisk syn på barn er Ruud (2011) opptatt av verdighet i møte med barnet. Barn lærer, blir påverka av sine oppvekstvilkår, og gjer ofte handlingar som ikkje alltid er lett å forstå for andre barn. Barn under barnevernet er ofte utsett for omsorgssvikt, noko som vil påverke dei sosialt. Ei følgje kan vere at dei blir sett på som annleis til dømes på skulen og på fritida (Sagatun, 2008). Eg tenker derfor det er viktig at oss som profesjonelle bidreg til at barn får behalde verdiheten sin i møte med barnevernet. Dette vil være saksbehandlaren sitt ansvar gjennom samtalet med barnet.

For å la barnet behalde verdigheten, trekker Ruud (2011) spesielt fram viktigheten i at ein skal sjå barnet som individ, og ikkje la handlingane til barnet forme saksbehandlaren si oppfatning av barnets personlegdom (Ruud, 2011,s.25). I tillegg er det viktig at saksbehandlaren er varsam med kva ein seier, slik at ein unngår å hamne i situasjonar der barnet føler seg krenka. Samtidig vil ærlighet vere ein føresetnad for partnarskap, som vidare fremjar medverknad (Skau,2013). Eg tenker derfor saksbehandlar må finne ein balanse som gjer at barnet beheld verdigheten, samtidig som barnet har respekt for saksbehandlar (Ruud,2011). Vist saksbehandlar klarar dette, forstår eg det slik at det å gi barnet verdighet vil styrke partnarskapet og relasjonen til barnet som vidare vil opne opp for meiningsarbeid som igjen vil styrke barnets medverknad.

Anerkjennelse

Kinge (2006) beskriv anerkjennelse som ein viktig faktor i samtale med barn, som inneberer at ein godtek at barnet har eigne følelsar, erfaringar og opplevingar (Kinge,2006,s.73). Som eg nemnte i kapittel 4.1.2 viser det seg at mange barn i barnevernet føler at dei blir snakka med kun fordi dette er ei plikt saksbehandlar har (Gamst,2011). Anerkjennelse vil derfor være ein viktig faktor i samtale for å vise barnet at saksbehandlaren snakkar med barnet fordi ein er interessert, godtek barnet og har eit ønske om at barnet skal få ei positiv oppleving av samtalet (Ruud, 2011). Her vil det bli viktig at saksbehandlar aksepterer barnet utan å være dømmande, at ein tolererer barnets væremåte, at ein er bekreftande når barnet fortel, og at ein aktivt lyttar. Kinge (2006) hevdar dette også er vesentleg for at ein skal kunne klare å gi barnet empati, noko som igjen er nødvendig for å anerkjenne barnet (Kinge, 2006, s.74). Det at saksbehandlaren aksepterer barnet for den barnet er, er viktig for å få barnet til å føle seg likeverdig i møte med barnevernet (Ruud, 2011). Dersom barnet blir anerkjent, vil dette også auke sjansen for at barnet føler seg trygg, og opnar seg for saksbehandlar (Leira, 2003)

Dersom samtalen har desse føresetnadane vil det opne opp for eit samarbeid med barnet, og dermed styrke barnets medverknad. Det vil også danne eit godt grunnlag for samtalen vidare. Eg vil derfor no gå vidare til «samtaletypar».

6.2 Kva er viktig og kva kjenneteiknar ulike type samtalar?

Kva som er den riktige måten å lede ein samtale på, finst det ingen fasitsvar på. Likevel viser erfaring at det er viktig å planlegge ulike samtalar til ulike formål (Jensen & Ulleberg, 2011). På denne måten kan saksbehandlar la barnet medverke i høve til kva som er formålet med samtalen.

Eg vil nemne at tid og tryggleik hos den vaksne vil være viktige faktorar når det gjeld alle typar samtale (Gamst, 2011). Dette vil spesielt komme til syne i meiningsarbeid med barn (Gulbrandsen et al., 2012). Som nemnt i kapittel 5.0 viser forsking at både barnevernet og barna blir påverka i negativ retning av barnevernets travle arbeidsforhold (Seim & Ulvik 2012) . Ei følje er at barn har følt seg som uvelkomne i høve til barnevernet (Seim & Slettebø, 2007). Det å sette av tid til samtalen vil derfor være grunnleggande for at barnet får ein god oppleveling av samtalen (Jensen & Ulleberg, 2011). Det vil være viktig å gi barnet informasjon om kva samtalen skal dreie seg om, slik at barnet er forberedt og føler ein viss kontroll over situasjonen (Ruud, 2011) Det vil også være avgjerande at saksbehandlar informerer barnet om teieplikt, og rettighetar barnet har (Jensen & Ulleberg, 2011). Eg vil no diskutere kva ulike formål for samtalen har å seie for barnets medverknad. Eg vil også ta for meg saksbehandlarenes rolle i høve til skape meining for barnet.

6.2.1 Støttande samtale

Støttande samtale handlar om at saksbehandlar bryr seg, og tek seg tid til å være ein samtalepartner for barnet (Ruud, 2011). Denne samtalen handlar ikkje om å utspørje, eller innhente informasjon frå barnet, men i større grad å vise til barnet at det er trygt å snakke om vanskelege tema (Ruud, 2011). Samtalen vil derfor ofte basere seg på at barnet blir informant, og graden av barnets deltaking være høg (Thrana,2008).

At saksbehandlar er trygg i situasjonen vil vere viktig, då det vil trygge barnet (Gamst,2011). Sjølv saksbehandlaren ikkje nødvendigvis er einig i det barne seier, er det viktig å vise at ein forstår, og heller stiller spørsmål som kan hjelpe barnet å sette i gang ein tankeprosess (Gulbrandsen et al, 2012). På denne måten hjelpt ein barnet med å skape meining, slik at barnet lettare forstår situasjonen (Gamst, 2011).

I ein støttande samtale står barnet ofte i ein sårbar situasjon. Ei utfordring ved denne samtalsituasjonen er at barnet kan oppleve ei opphoping av følelsar (Ruud,2011), som kan være vanskelig for barnet å kontrollere. Det er derfor viktig at saksbehandlar skapar ein struktur i samtalen, sjølv om det er barnet som i utgangspunktet «bestemmer» over samtalen. På denne måten kan barnet få rom for å snakke om vanskelige tema, men samtidig få trygghet av saksbehandlar gjennom andre tema som ikkje nødvendigvis er vanskelige å snakke om (Gamst, 2011). For å få ein slik struktur har Ruud, (2011) erfart at det til dømes kan være lurt å ha ein boks, der ein kan samle dei vanskelige tankane til barnet, og hente fram desse når det når det er behov. På denne måten får barnet kontroll over følelsane sine, samtidig som saksbehandlar får kontroll over når det kan være passande å snakke om desse tema (Gamst, 2011, s.103). Eg tenker dette også bidreg til at dialogen held seg innanfor eit partnarskap.

6.2.2 Informerande samtale

Ein informerande samtale, er ofte den første samtalen mellom samsbehandlaren og barnet. Eg tenker at ein informerande samtale dannar grunnlaget for korleis samarbeidet skal bli vidare. Her vil saksbehandlaren være informanten, og det kan lett oppstå ein «ovanifrå og ned haldning» der saksbehandlaren informerer barnet, og barnet blir mottakar av informasjonen. Ein følje av dette er at barns medverknad havnar langt nede på modellen eg tok føre meg i kapittel 4.0 (Thrana,2008). Det vil derfor bli viktig at saksbehandlar går fram på riktig måte. Ved at saksbehandlar informerer barnet om barnets rettighetar på ein slik måte at barnet forstår det, vil dette danne grunnlag for eit samarbeid, og medverknaden vil kunne nå opp til eit partnarskap (Gamst,2011). Kor mykje barn bør ta del i eigen sak er det stor ueinigkeit rundt. Likevell viser forsking at barn får det best av å få høyre sannheten (Gulbrandsen,2014).

Det mest avgjerande i høve til korleis barnet reagerer på denne informasjonen avhenger av korleis sakbehandlar vel å gå fram i samtalen (Gulbrandsen et al., 2012). Ruud (2011) legg vekt på at ein må sjå barnet ut i frå skjønnsmessige vurderingar og deretter bestemme kor mykje barnet bør informerast om. Meiningsarbeidet kan hjelpe saksbehandlar til å ta slike vurderingar (Gulbrandsen, 2014). Når saksbehandlar har ein viss oversikt over dette, vil det også bli enklare å legge opp informasjonen på ein slik måte at det skadar barnet minst mogleg (Ruud, 2011).

Barn kan lett gjennomskode ein saksbehandlar dersom saksbehandlar unnlet å fortelje noko. Slike situasjonar kan skape mistillit til saksbehandlar, og kan føre til at barnet blir «på vakt» (Ruud, 2011). Saksbehandlar må derfor forsikre seg at barnet fortsår situasjonen, før ein går vidare til neste tema (Ruud, 2011).

6.2.3 Undersøkande/ avdekkande samtale

I barnevernet blir ofte undersøkande samtale tatt i bruk i undersøkingsfasen i ein sak. Ein undersøkande samtale har som formål å innhente informasjon om barnets livssituasjon, oftest på grunnlag av ei melding barnevernet har fått (Gamst, 2011).

Ein avdekkande samtale liknar ein undersøkande samtale, men blir ofte brukt i meir alvorlege tilfelle (Gamst,2011). Eit eksempel er dersom barnevernet må ha ein samtale med barnet i einerom på grunnlag av misstanke om at barnet lever under livstruande forhold jf. §6-9 (Barnevernlova,1992). I ein avdekkande samtale er saksbehandlar avhengig av at barnet formidlar mest mogleg riktig informasjon, og at partane har ein felles forståing av tema (Hansen,2012). I tillegg har barnevernet eit ansvar når det kjem til beskyttelse av barnet i etterkant (Ruud,2011). For å forsikre seg om at ein har forstått barnet riktig kan saksbehandlaren ta i bruk samtaleteknikkar. Samtaleteknikkar kan ein bruke for å få mest mogleg, og riktig informasjon ut av samtalen. Saksbehandlar kan til dømes gi «tilbakemelding i same kanal» som inneberer at saksbehandlar gjentek, eller gjenfortel det barnet sa, slik at barnet kan rette eller korrigere informasjonen som blei gitt. Dette vil styrke barnets medverknad og kan hjelpe barnet å skape mening (Jensen & Ulleberg,2011).

Det har vist seg gjennom avhøyr av barn at detts meir informasjon intervjuaren har, detts mindre ledande spørsmål blir stilt. Det å være godt forberedt både i høve til informasjon, men også mentalt på kva som kan komme er derfor ein viktig faktor i samtale med barn (Gamst, 2005) . Når det er sakt er det også viktig å hugse på at ein avdekkande samtale ikkje er eit avhøyr, men ein samtale som skal hjelpe saksbehandlar å få ein forståing av situasjonen barnet er i (Gamst, 2011).

Sjølv om samtalesituasjonen har mykje å seie for barnets medverknad, har det også mykje å seie korleis saksbehandlar brukar informasjonen frå barnet i etterkant (Gulbrandsen et al.,2012). Eg tenker det vil være eit alvorleg tillitsbrot dersom saksbehandlar missbrukar barnets informasjon. Eg vil derfor no diskutere korleis ein kan ta vare på barnets meininger etter samtalen.

6.3 Korleis ta vare på barnets meininger etter samtalen?

Dersom saksbehandlar ikkje oppfattar barnet på riktig måte, men likevel brukar samtalen som eit grunnlag for vurderinga kan dette få alvorlege følgjer. Familien/ barnet kan få tiltak på feil grunnlag, og barnets tillit til barnevernet kan bli svekka (Seim &Slettebø, 2007). Det er derfor viktig at saksbehandlar forsikrar seg om at ein har forstått barnet riktig, og hjelper barnet å

skape meinung aktivt for å få korrekt informasjon, og for å unngå at meinunga til barnet blir omgjort på «papiret». Barnets meiningskaping vil danne grunnlaget for dei vurderingane som blir gjort i saka (Gulbrandsen et al 2012).

Dersom det kjem fram informasjon i samtale med barn, men det ikkje blir journalført kan informasjonen stå fram som «ugyldig» (Askeland & Molven,2006). I tilsynet eg nemnte i kapittel 4.1 kom det fram at det var mangel på journalføring blant barnevernsarbeidarar. Kva som er årsaka til dette er uvisst, men det har kome fram at barnevernet har det travelt (Gulbrandsen et al,2012), og at dei i mange tilfelle ser på samtale med barn som unyttig (Helsetilsynet,2011). Eg tenker derfor dette kan ha ei innverknad.

Rapporten frå helsetilsynet (2011) viser at saksbehandlar ofte journalfører, men ikkje legg fram barnets synspunkt i saken. Heller ikkje her blir barnets rett til medverknad oppretthaldt. For å gi barnet retten til å medverke er det nødvendig at barnevernet journalfører, og at dette blir gjort på riktig måte (Askeland & Molven,2006).

Det vil bli viktig at saksbehandlar journalfører kort tid etter møtet med barnet, for å unngå at saksbehandlar gløymer, eller endrar oppfatning av samtaleten (Askeland & Molven,2006). Det vil også bli viktig at saksbehandlar skil mellom faktaopplysingar og vurderingar, og tydeliggjer kva som er kva. Faktaopplysingar betyr at ein journalfører eksakt det som barnet seier eller gjer (Askeland & Molven,2006). Eit eksempel på dette er: «Markus sa at pappa slår mamma når han blir sint». Vurderingar er det saksbehandlaren vurderer som sin oppfatning av situasjonen. Dersom desse opplysningane ikkje kjem tydelig fram, kan det få konsekvensar for barnets meinung. Ein kan også la barnet delta i journalføringa ved at ein skriv denne saman med barnet. på denne måten kan ein unngå missforståingar, og det kan være ein arena for barnet å skape meinung i situasjonen (Ulvik, 2009). Dersom ein vel å ikkje journalføre ein samtale med eit barn, tenker eg det det bør komme fram ein god grunngjeving for dette valet.

Eg vil no avslutte oppgåva, med ei oppsummering over viktige poeng som har komet fram under forskinga, og diskusjonen gjennom oppgåva mi.

7.0 Oppsummering og avslutting

Eg har gjennom denne oppgåva hatt barns mangel på medverknad i det kommunale barnevernet som grunnlag for diskusjon. Eg har sett barn og barnevernets tankar om barns deltaking opp mot kvarandre. Eg fant ut at barnevernet og barna har lik oppfatning av at barnet deltek for lite, men at dei likevel vurderer barnas kompetanse ulikt. Denne

konklusjonen var med på å danne grunnlaget for diskusjon. Eg har diskutert korleis saksbehandlaren kan sjå barn, kor mykje barn bør medverke og korleis ein kan hjelpe barn til å forstå sin eigen situasjon. Vidare har eg diskutert faktorar hos saksbehandlarar, ulike samtalsituasjonar og dokumentasjon av samtalen i høve til barnets deltaking.

Eg har gjennom oppgåva fokusert på kva saksbehandlaren kan gjere for å fremje barnets medverknad. Eg har funne ut at synet saksbehandlarar har på barnet, og korleis holdningar ein har i møte med barnet vil være avgjerande for barnets deltaking og følelsen barnet får av medverknad. Dette vil være vidare vere avgjerande for om barnet oppnår optimal medverknad (Hanssen, 2010). Eg har diskutert eit tradisjonelt utviklingspsykologisk syn på barn opp mot eit kulturpsykologisk syn. Eg har funne ut at eit kulturpsykologisk syn fremjar barnets medverknad i størst grad. Eg har også lært at det er viktig å være kritisk til kulturpsykologien, slik at ikkje barn får negative reaksjonar av samtalen. Ved å ta i bruk meiningsarbeid kan dette styrke barns medverknad, og svekke negative føljer av samtalen.

Partnarskap, empati, verdighet og anerkjennelse har vidare vert faktorar eg har sett på som nødvendige for at barnet skal medverke, og skape meinings i situasjonen (Ruud, 2011, Kinge, 2006). Eg har også diskutert viktigheten i at saksbehandlarar må dokumentere samtalen med barnet på riktig måte, slik at ein unngår at barnets meinings blir «omgjort på papiret».

Gjennom oppgåva har eg forstått at det å finne ein balanse mellom barnets rett til å bli høyrte og barnets rett til beskyttelse (barnekonvensjonen, 1989) er ein problemstilling som er vanskelig i mange barnevernssaker. Ved å sjå barn som kompetente meiningskaparar, og ta i bruk meiningsarbeid med riktige føresetnadane tenker eg ein kan gi barnet retten til beskyttelse samtidig som det fremjar barns medverknad. Det som blir viktig er korleis saksbehandlarar går fram, og at saksbehandlarar har nok kunnskap til å bedømme graden av barnets medverknad.

8.0 Kjeldeoversikt

- Aas, K.H. (2013). «Å samtale med barn i barnevernet er mye mer enn bare å snakke med ...»
– Erfaringer fra et kompetanseutviklende prosjekt i praksis. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, 90(04), 212-224.
- Askeland, G., & Molven, Olav. (2006). *Dokument i klientarbeid: Journalar, sosialrapportar og saksframstillingar i sosialt arbeid* (5. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Backe-Hansen, E., & Vestby, Guri Mette. (1995). *Når barn bidrar i barneforskningen : Etiske spørsmål* (Vol. Nr 2, Skriftserie (De nasjonale forskningsetiske komitéer : trykt utg.)). Oslo: Den Nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora
- Barnekonvensjonen (1989). FNs barnekonvensjon om barnets rettigheter. Hentet fra
<http://www.fn.no/Bibliotek/Avtaler/Menneskerettigheter/FNs-konvensjon-om-barnets-rettigheter-Barnekonvensjonen>
- Barnevernlova (1992). Lov om barnevernstjenester. Hentet fra
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>
- Befring, E., Frønes, I., & Sørlie, M. (2010). *Sårbare unge : Nye perspektiver og tilnærminger*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Bunkholdt, V. (2000). *Utviklingspsykologi* (2. utg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Dysthe, O., Hoel, Torlaug Løkensgard, & Hertzberg, Frøydis. (2010). *Skrive for å lære : Skriving i høyere utdanning* (2. utg. ed.). Oslo: Abstrakt forlag.
- Gamst, K.T. (2013). *Profesjonelle Barnesamtaler: Å ta barn på alvor*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gulbrandsen, L. M., Seim, S., & Ulvik, O. S. (2012). *Barns rett til deltagelse i barnevernet: Samspill og meningsarbeid*, (42), 54-78
- Gulbrandsen, L.M. (Red.). (2014). *Barns deltagelse i hverdagsliv og profesjonell praksis – en utforskende tilnærming*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugland, R. (2007). *Med makt til å krenke*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Hanssen, H., & Humerfelt, Kristin. (2010). *Faglig skjønn og brukermedvirkning*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Holtan, A., Thomas,N. & Vis, S. (2012). Obstacles for child participation in care and protection cases—why Norwegian social workers find it difficult. *Child Abuse Review*, 21(1), 7-23.
- Jensen, P., & Ulleberg, I. (2011). *Mellom ordene: Kommunikasjon i profesjonell praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Kari Trøften Gamst. (2005). *Dommeravhør av barn – Bedømmelse av barns vitneforklaring*. Lov Og Rett, 44(10), 620-633.

- Kinge, E. (2006). *Barnesamtaler : Det anerkjennende samværet og samtalens betydning for barn med samspillsvansker*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Kvello, Ø. (2010). *Barn i risiko: Skadelige omsorgssituasjoner*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Larsen, E. (2011). Help or formality? Children's experiences of participation in home-based child welfare cases: A Norwegian example. *Nordic Social Work Research*, 1(1), 43-60.
- Leira, H. (2003). *Det gode nærvær : Kulturens psykologiske betydning*. Bergen: Fagbokforlaget
- Menneskerettighetslova (1999). Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett. Henta fra https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/*#*
- Oppsummering av landsomfattende tilsyn i 2011 med kommunalt barnevern - undersøkelse og evaluering* (Vol. 2/2012, Rapport fra Helsetilsynet (online)). (2012). Oslo: Helsetilsynet.
- Ruud, A. K. (2011). *Hvorfor spurte ingen meg? Kommunikasjon med barn og ungdom i utfordrende livssituasjoner*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Sagatun, S. (2008). *Kjønn i sosialt arbeid med ungdommer og foreldre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sandbæk, M. (2004). Barn i hjelpeapparatet – kompetente og sårbare aktører. *Nordisk Sosialt Arbeid*, 24(02), 98-109.
- Seim, S. (2007). Brukermedvirkning – et fremmedord for barn og ungdom i barnevernet. I Seim, S. & Slettebø, T. (Rer.), *Brukermmedvirkning i barnevernet* (s. 68- 86). Oslo: Universitetsforlaget.
- Skau, G. (2013). *Mellom makt og hjelp : Om det flertydige forholdet mellom klient og hjelper* (4. utg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget
- Slettebø, T., & Seim, Sissel. (2007). *Brukermmedvirkning i barnevernet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Stordalen, J., & Støren, Ingeborg. (2010). *Bare skriv! : Praktisk veiledning i oppgaveskriving* (2. utg. ed.). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Støren, I. (2010). *Bare søk! : Praktisk veiledning i å systematisere kunnskap*. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Thrana, H. M. (2008). *Vil jeg bestemme? Om barn og ungdoms medvirkning*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Ulvik, O. S. (2009). *Barns rett til deltagelse – teoretiske og praktiske utfordringer i profesjonelle hjelperes samarbeid med barn*, (46), 1148-1154
- Ulvik, O. (2007). *Seinmoderne fosterfamilier : En kulturpsykologisk studie av barn og voksnes fortellinger*. Oslo: Unipub.